

Arkivsak: 14/937
Løpenummer: 15/58
Arkivkode: FE-020, FE-203, TI-&13
Saksbehandlar: Reidun K. Halland

Saksnummer	Utval	Møtedato
008/15	Kommunestyret	23.01.2015

Overføring av skatteoppkreverfunksjonen frå kommunane til Skatteetaten. Høyring

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Behandling i Kommunestyret 23.01.2015:

Nye framlegg:

Frå SP v/Ellingsen

Gulen kommune går imot at skatteinnkrevjinga skal overførast frå kommunane til staten.

Kommunen meiner det vil svekke både skatteinnkrevjinga og tenesta overfor innbyggjarane. Dagens organisering har gjeve svært effektiv innkrevjing både med omsyn til nærleik til innbyggjarane og om lokale forhold.

Det er med stor undring vi registrerer at regjeringa kjem med eit slikt forslag rett etter at Stortinget har vedteke ei kommunereform der departementet skal utgreie kva oppgåver som kan overførast frå stat til kommune.

Røysting:

14 mot 5 (H og FRP)

KOM-008/15 Vedtak:

Gulen kommune går imot at skatteinnkrevjinga skal overførast frå kommunane til staten.

Kommunen meiner det vil svekke både skatteinnkrevjinga og tenesta overfor innbyggjarane. Dagens organisering har gjeve svært effektiv innkrevjing både med omsyn til nærleik til innbyggjarane og om lokale forhold.

Det er med stor undring vi registrerer at regjeringa kjem med eit slikt forslag rett etter at Stortinget har vedteke ei kommunereform der departementet skal utgreie kva oppgåver som kan overførast frå stat til kommune.

Sakstilfang

Vedlegg:

Brev til kommunane 04.12.2014

Høyring vedk. overføring av skatteoppkreverfunksjonen frå kommunane til Skatteetaten

Følgjeskriv

Forslag om statleggjering av skatteinnkrevinga

Mulege provenyeffekter ved flytting av skatteinnkreving

Forslag til høyringsuttale til forslaget om statliggjøring av skatteinnkrevingen for kommunar

Administrasjonen si saksutgreiing:

Bakgrunn for saka:

Regjeringa varsla 23.06.2014 gjennom skriv til alle kommunar og pressemelding frå Finansdepartementet om at ein – «som ledd i arbeidet med å oppnå en bedre skatte- og avgiftsforvaltning tar (..) sikte på å overføre skatteoppkreverfunksjonen fra kommunene til Skatteetaten med virkning fra 1. januar 2016».

Regjeringa viser til at det er eit uttalt mål i regjeringsplattforma (Sundvollen-erklæringa) å arbeide for ei effektivisering av offentleg sektor og fellesskapet sine ressursar. Hovudmålet i arbeidet er:

- Redusert ressursbruk
- Forenkling for innbyggjarar og næringsliv
- Styrka kampen mot svart økonomi
- Betre grensekontroll

I følge skrivet frå Finansdepartementet er det i dag 288 skatteoppkrevjarkontor som nyttar om lag 1415 årsverk på skatteoppkrevjing. Skatteetaten brukar 90 årsverk på å følge opp skatteoppkrevjarane. Fleire kommunar har etablert interkommunalt samarbeid, men det er likevel mange små fagmiljø. Over 60% av skatteoppkrevjar-kontora nyttar to eller færre årsverk til denne funksjonen.

Skattedirektoratet fekk i oppdrag å utgreie korleis skatteoppkrevjarfunksjonen skal organiserast i Skatteetaten, og korleis prosessen skulle gjennomførast. Resultatet av utgreiinga er då at det meiner det er naturleg å tenke ei sentralisering av funksjonen.

Saka er no ute på høyring.

Vurdering:

I Gulen har vi i dag i underkant av 1 årsverk knytt til skatt. Dette er fordelt på 2 stillingar (økonomisjef og konsulent skatt). I tillegg deltek kommunen i det interkommunale selskapet i HAFS for felles rekneskapskontrollør. Her kjøper vi tenester tilsvarande 0,2 stilling.

Dette er ei sak som vekker stort engasjement hjå fagmiljøet og andre.

Saka vert lagt fram for uttale med bakgrunn i uttalar frå NKK og KS Sogn og Fjordane. Desse talar for seg, rådmannen vil difor ikkje gå nærare inn i argumentasjonen.

Konklusjon:

Det kan vere naturleg at kommunen i sin uttale tek utgangspunkt i KS sin argumentasjon. Utforming av vedtak vert opp til politisk nivå å føreslå.